



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterkt folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/fra Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene komme er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnssoppdrag. Meland kommune har ei verdimesig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Miljøterapeut- 50-75% vikariat, 2 stillingar

### Stillingsinformasjon

Meland ungdomsskule og Rossland skule har begge ledig 50-70% engasjement for miljøterapeut frå dags dato til juni 2018.

Meland ungdomsskule ligg sentralt på Frekhaug, men brukar også alternativ opplæringsarena andre stader.

Rossland skule ligg 15 minuttar køyring frå kommunesenteret Frekhaug.

Arbeidsoppgåvene er i begge stillingane oppfølging av elev med særskilte behov.

### Kvalifikasjonskrav

Relevant utdanning og erfaring.

Det er ønskjeleg med miljøarbeidar, miljøterapeut, vernepleiar, spesialpedagog eller sosialfagleg utdanning.

Ønskjeleg med sertifikat og tilgang til bil.

Det vert vektlagt personlege eigenskapar og relasjonskompetanse i oppfølging av ungdom.

Grunna innhaldet i tenesta vert menn oppmoda om å søkje.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 12.10.2017

Utljyst dato 26.09.2017

Vårref

710/17

### Kontaktperson

Hilde Brendehaug Hugaas, Rektor, tlf: 56171410, hilde.brendehaug.hugaas@meland.kommune.no

Hogne Brunborg, mobil: 41648099, hogne.brunborg@meland.kommune.no